



**DEN NORSKE KYRKJE
Ullensvang kyrkjelege fellesråd**

Til

Fornyings- og administrasjons- og kirkedepartementet
Postboks 8004 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref:

Vår ref:

Grbu / 212

Arkiv nr:

501

Dato:

24.10.2012

HØYRING – ENDRINGAR I GRAVFERDSFORSKRIFTA

Viser til dykkar skriv dgs. 28. juni 2012.

Kyrkjeleg fellesråd handsama sak om Forslag til endringar i gravferdsforskriften i møte den 27. september. Vedtaket lyder slik:

VEDTAK:

I og med at kyrkjegardane skal vera eit lokalt ansvar er det viktig at ein så langt råd legg til rette for at minoritetar kan få gravleggja sine nærmeste i nærleiken av der dei er fast busette. Departementet bør ikkje opna for at det skal kunna gravleggjast utan kiste på alle kyrkjegardar. Det må kunna leggjast til rette for dette til dømes prostivis. Om departementet opnar (punkt 3) for at nokon lokalt skal kunna gravleggjast utan kiste er det viktig at fellesrådet kan setja krav om at pårørande sjølve må fylla at grava. Det kan vera vanskeleg å få dei som følgjer vår gravskikk med kister til å fylla att ei slik grav.

Det er positivt at det vert fastsett 0,8 m jordoverdekning når det er kjent at dette er nok for at ei grav skal vera fullt ut ivareteke. (punkt 9).

Laurdag er ikkje rekna som virkedag hjå oss sidan me ikkje har gravlegging på laurdag. Det gjer at frå dødsfall er meldt, kan det til vanleg gå 14 vekedagar til gravlegging finn stad. I høgtidene kan det gå lenger sidan høgtidsdagar ikkje er virkedagar. I og med at prestetenesta er redusert i distriktet kan det vera ei føremoen at laurdag ikkje vert rekna som virkedag.

Departementet har skrive at det ved kistegravlegging som hovudregel skal vera ein representant til stades. Det bør stå ved gravlegging, slik at det er sikra at det også ved urnenedsetjing skal vera ein frå gravplassen tilstades. (punkt 12). Me har pårørande som ønskjer å setja ned urna sjølve og det har me opna for, men tilsette er i nærleiken.



DEN NORSKE KYRKJE
Ullensvang kyrkjelege fellesråd

Når det gjeld fundament er intensjonen med fundamentet at gravminnet skal stå støtt. I Ullensvang brukar ein om att eldre tunge gravminne utan skikkelege fundament, og desse finn me gamle stabile

fundament til, men dei held seg kanskje ikkje innan forskriftene sine mål, og om me berre hadde følgt forskriftene hadde fundamentet ikkje gjort gravminnet stabilt.

Det er positivt at fellesrådet kan ta stilling til enkeltsaker. (punkt 16)

Vedlagt følgjer utskrift av sak 19-2012 i kyrkjeleg fellesråd.

Venleg helsing


Gerd Rosten Bu

Kyrkjeverja i Ullensvang

Tlf. 53 67 15 40/44

Mobil 971 699 904